

Referat frå foreldremøte i 3. klasse

Tysdag 7. mai 2019 kl. 18.30 – 20.30

Fellesdel med 4. klasseforeldre

Canvas: arena for kommunikasjon og læring. Malene orienterte. Søk på internett på <http://ikt.nh.instructure.com> og logg på med Feide pålogging. Canvas kan lastast ned som ein app på telefonen. Canvas er erstatning for its`learning. Etterkvart som elevane vert eldre, vert dette læringsplattformen som skal nyttast i skulen. På vårt trinn er det i første omgang planen å bruka den som ein chat, og at vekeplanen vert lagd ut her.

Temaveka; mat og helse: Bodil orienterte.

Oppfølging av born når det gjeld **sosiale mediar:** Me oppmodar foreldre om å følgja anbefalte aldergrenser for sosiale medier som t.d snapchat. Anbefalt alder er 13 år. Når de gjeld mobilbruk, vil me at de skal tenkja på at ikkje alle born har mobiltelefon og at nokon kan kjenna seg utanfor dersom avtalar og kontakt skjer gjennom telefonen. Skulen tilbyr Canvas som ein arena å halda kontakt mellom elevane.

Skulen sine råd: **føl med på alt borna mottok og sender.** Ikkje la dei ha mobil og data med på rommet når det er leggetid. Barnevakten anbefalar 2 skjermfrie timar før legging.

Mobilbruk i skuletida: praksis er at mobilen er heime. Dersom nokon av ulike grunnar treng mobil, skal lærar ha melding om det, og den skal liggja avslått i sekken til skulen er slutt.

3.klasse åleine

- **Orientering og samtale omkring faga norsk, matte og engelsk. Litt om kartleggingsprøvar no i vår, korleis me jobbar med faga, arbeidsplanen og mappene:**

Norsk: Me jobbar jevnt og trutt på skulen og heime. Stillelesing, høgtlesing for kvarandre og lærar og stundom for klassen. Arbeidar med lesefart og forståing- og med grammatikk.

Andre tema i norsk :

- Me har lært om ordklassar, diftongar, lage forteljingar, samanlikning, dikt..

- Dei siste temane framover er : Gåter, Ordtak og utrykk, særnamn og samnamn
- Me jobbar med lykkjeskrift og med å skriva på tastatur. Føl med på måla på planen, så ser det temaer me held på med.

Skulen har vorte slik at me skal målast om me når måla våre. Me har nyleg hatt Nasjonale prøve i Lesing. Me vart prøvd i å lesa ordkjedar, skriva og lesforståing. Me blar igjennom og ser på det vart prøvd i.

Matte: Me jobbar jevnt og trutt på skulen og heime. Me har jobba med multiplikasjon og målet er å kunna 1-5 gongen no i vår.

Neste kapittel i matte er Rekning 2, som er + og – med tal, praktisk rekning med handling og lignende. Og eit tema med rutenett til slutt i boka.

Me har Utdanningsdirektoratet sin kartleggingsprøve. Dette er ein prøve i kartlegging av talforståing og rekneferdigheit. Ikkje andre temaer innanfor matte. Dette er for å sikra at elevane har sikra seg ein grunnleggjande forståing og hensiktsmessige og gode strategiar. Derfor er også prøven på tid. Dei som ikkje har gode nok strategiar får ikkje gjort alt som vert forventa av dei. Mogeleg poengsum var 72. Dei som får 59 eller lavare, skal det iverksetjast tiltak for. I slike tilfeller finn me øvingar som trengs og jobbar med desse.

Me skal også ha M-3 prøven no i vår.

Engelsk: Har hatt nasjonal prøve digitalt, der borna gjorde det veldig bra. Eg har orientert om på planene at krava til lesing etter kvart vert høge. Derfor les me mykje og dei har lest heime med dykk. Dette har gjeve gode resultat.

Saker til stort foreldremøte

Innspel kan koma til klassekontakt Tor Bjørnevoll.

Val av klassekontakt:

Tor Bjørnevoll har 1 år igjen som klassekontakten som sit i FAU.
Grethe Natås Reigstad, vart vald for 2 år som vara for klassekontakten.

Sosialt arrangement før sommaren: Tor og klassekontakten i 4. klasse, samarbeidar om ein sommaravslutning.

Ref: Bodil Vabø